

# Partnerskapsavtale om førstelineteneste for nyetablerarar

Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Gjemnes kommune

---

## 1. Avtalepartar

Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Gjemnes kommune

## 2. Mål for hoppid.no og formål med avtalen

Den regionale planstrategien for 2020 – 2024 (RPS) er bygd opp rundt FN sine 17 globale berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane. Dette er fordi klima- og miljøutfordringar, sosial berekraft og økonomisk utvikling heng uløyselig saman, og at desse utfordringane må løysast i eit samspel. Derfor heiter også FN sitt 17. berekraftsmål «Samarbeid for å nå måla».

Dette har gitt føringar for dei fire langsiktige utviklingsmåla som er sett for Møre og Romsdal i planstrategien.

1. Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid, samskaping og samstyring
2. Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1
3. Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu
4. Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

hoppid.no er eit program som skal legge til rette for fleire og betre nyetableringar i Møre og Romsdal. Programmet inneheld både grunnleggande rettleiing for nyetablerarar, kompetanseheving, nettverk og økonomiske verkemiddel.

hoppid.no skal tilby kompetent og uavhengig etablarhjelp, tilgjengeleg for alle, i heile fylket. Denne partnerskapsavtalen definerer arbeidsfordelinga som ligg til grunn for drift av hoppid.no-kontora i Møre og Romsdal.

### 3. Tilbod frå førstelinjetenesta i kommunen - hoppid.no-kontoret

hoppid.no-kontoret skal vere det første kontaktpunktet for ein person som ønskjer å etablere og utvikle ei ny bedrift, og skal løyse følgjande oppgåver:

- Gje grunnleggande rettleiing i arbeidet med marknadsavklaring og utvikling av forretningsmodell
- Rettleie i regelverk og krav knytt til etablering av bedrift
- Rettleie og informere om aktuelle finansieringsmoglegheiter
- Kople aktuelle bedrifter med relevante innovasjonsmiljø.
- Arrangere hoppid.no sine kurs innan etableraropplæring
- Vere medspelar i arbeid med entreprenørskap i skulen.
- Arrangere tiltak for å mobilisere fleire nye bedrifter
- Legge til rette for møteplassar mellom nyetablerarar og næringsliv.
- Delta og bidra i hoppid.no-nettverket
- I samarbeid med landbrukskontor kople relevant fagkompetanse innan tradisjonelt landbruk og nye næringar i landbruket
- Marknadsføre hoppid.no som etablarhjelp i kommunen


### 4. Partane sine oppgåver i partnerskapen

#### Kommunen skal:

- Gjere vedtak om kven som skal ha rolla som førstelinjeteneste for etablerrettleiing i kommunen – hoppid.no-kontoret.
- Setje av ressursar som sikrar ei forutsigbar og tilgjengeleg teneste.
- Sikre god kvalitet på tenesta ved at hoppid.no rådgivaren har gjennomført Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge og Fylkesmannen sitt opplegg for sertifisering, og deltek på kompetansehevande tiltak i regi av partnerskapen.
- Legge til rette for entreprenørskap i skulen.
- Marknadsføre tenesta overfor nyetablerarar i kommunen, under merkenamnet hoppid.no

#### Møre og Romsdal fylkeskommune skal:

- Arrangere sertifiseringskurs og kompetansehevande tiltak for førstelinja
- Utarbeide og levere felles materiell for marknadsføring av hoppid.no.
- Marknadsføre hoppid.no regionalt
- Arrangere felles møteplassar for hoppid.no-kontora.
- Utvikle og drifte verktøy for kommunikasjon, samhandling og resultatmåling.
- Utvikle kurspakkar for etablerarar, og bistå hoppid.no-kontora med kursadministrasjon.
- Legge til rette for entreprenørskap i skulen.
- Tildele økonomisk ramme til avklaring av forretningsidear.



## Innovasjon Norge Møre og Romsdal skal:

- Halde hoppid.no-nettverket informert om Innovasjon Norge sine virkemiddel og tenester
- Delta og bidra ved regionale møteplassar og arrangement for gründerar
- Støtte regionalt nivå med tenester for å stimulere til auka innovasjon og vekst innan næringslivet
- På ein proaktiv måte følgje opp, og hjelpe gründerbedrifter med stort vekstpotensial over i ein kommersiell fase.
- Legge til rette for at våre innovasjonsmiljø skal bli betre kjend med Innovasjon Norge sine internasjonale tenester

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal:

- Vere aktiv for å bygge kompetanse i landbruksforvaltninga
- Informere hoppid.no kontora om landbruk og bygdenæringar
- Delta og bidra ved regionale møteplassar og arrangement for gründerar
- Drive informasjonsarbeid om hoppid.no til bygdenæringane
- Bidra til å kople fagkompetanse, kunnskap og relevante innovasjonsmiljø innan landbruk- og matområdet
- Bidra til utvikling av ungt entreprenørskap i skulen

## 5. Profilerings

Tiltak som blir gjennomført i regi av avtalen skal marknadsførast under merkevara hoppid.no.

## 6. Avtaleperiode

Avtalen gjeld fram til 31.12.2024, eller inntil avtalen vert sagt opp av ein av partane med tre månaders varsel.

Stad: Gjemnes

Dato: 10.11.2020

*Kaare Sjøvold*

Gjemnes kommune

*May-Britt Roald*

Møre og Romsdal fylkeskommune

*Andreas*

Innovasjon Norge

*Aud L. Drågen*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

